

Felleselykkja

Av Knut Raastad, 2017



Felleselykkja gnr. 69 bnr. 2 (også skrivi Fillingsøløykken) ligg i Nordherad mellom Resvoll og Stavseng.

Felleselykkja var husmannsplass under Fellese. Manntalet 1666 nemner husmann på Fellese Ole Arnesøn f.ca.1605 med dottersonen Jens Svendsøn f.ca.1656, men det er usikkert om dette var her.

Soldat Halvor Andersen f.ca.1712 d.1773 vart i 1739 gift med Thorø Thoresdotter. Dei er nemnde i Felleselykkja frå 1743. Halvor og Thorø hadde 7 barn:

- Kari f.1739, g.m. Svend Sætte
- Ragnhild f.1743, g.m. Jacob Olsen Nyløykken
- Anders 1747-1814, neste brukar
- Tore 1750-1781
- Ole 1752-1754
- Ole f.1755
- Anders 1761-1763

Anders Halvorsen Felleselykkja 1747-1814 kjøpte i 1796 Rusnes og budde der ved folketellinga i 1801, men alt i 1802 selde han den garden. Anders var gift med Gunhild Christoffersdotter f.ca.1751 d.1827, dei hadde 3 barn:

- Torø f.ca.1779
- Gunhild f.ca.1780
- Halvor f.ca.1785 d.1861, neste brukar

Halvor Andersen Fillingsøeie f.ca.1785 d.1861 er nemnd som husmann da han gifta seg i 1816. Halvor var gift med Aaste Nilsdotter Strand n. 1791-1881 dotter til Nils Fredriksen Lunde Strand n. 1764-1854 og Ymbjør Larsdtr. Øi ø. (Haugøy) 1761-1851. Halvor og Aaste hadde 6 barn:

- Gunhild f.1816, g.m. Ola Jonsen Brattland 1813-1872. I Dalen og på Ulsbu.
- Anders 1818-1819
- Anders 1821-1903, neste brukar
- Ingeborg f.1823, g.1849 m. Ole Pedersen Sandbusgarden f.ca.1820. På Berge u. og USA.
- Nils 1825-1903, g.1852 m. Eldri Syversdtr. Moen f.ca.1818 d.1890
- Ola 1832-1909, g.1857 m. Anne Nilsdtr. Moen 1834-1887. I Jukulen.

Anders Halvorsen Felleselykkja 1821-1903 vart gift med Ymbjør d.y. Olsdotter Holen 1822-1902 dotter til Ole Jakobsen Aaseng 1770-1840 og Torø Toresdtr. Holen n. f.ca.1777. Anders og Ymbjør hadde 2 barn:

- Anne 1862-1946, neste brukar
- Anne d.y. f.1864, g.m. Ola Olsen Løykken (Skogbygdsloykken, frå Lom) 1873-1955

Anne Andersdotter Fillingsøløyken 1862-1946 vart 1888 gift med Kristoffer Paulsen Løyken 1855-1932 son til Paul Paulsen Løyken (Kaalstad – Tolstadeie) 1821-1899 og Ingrid Christoffersdtr. Stadeie n. 1822-1894. Anne og Kristoffer hadde 2 barn:

Ymbjörg 1889-1980, ugift

Ingrid 1892-1982, neste brukar.

Felleseleykkja gnr. 68 bnr. 2 vart i 1913 frådelt frå Fellese gnr. 68 bnr. 1 med skjøyte til Ingeborg (Ymbjörg) Fillingsøløyken for kr 2500,-.

Ingrid Fillingsøløyken 1892-1982 var gift med Hans Evensen Skredemellem (Heidal) 1896-1988 son til Even Hansen Skredemellem (Bråten) f.1873 og Gina Halvorsdtr. f.1875. Ingrid og Hans overtok med skjøyte i 1925 for kr 4500,- etter Ymbjörg 1889-1980. Ingrid og Hans hadde 5 barn:

Kristian f.1923, ugift.

Edvin f.1925

Harald f.1926, ugift.

Astrid f.1928, g.m. Harald Dalestuen f.1920

Gunnar f.1930, neste brukar

Gunnar Skredemellem f.1930 vart 1960 gift med Anne Mosebakken (Heidal) f.1937 dotter til Elton Mosebakken n. f.1902 og Inga Mosebakken ø. f.1904. Gunnar og Anne har 3 barn:

Inge f.1961, gift med Karin Løyken. Inge var eigar 1984-1987.

Egil f.1963, sbm. Anita Tangen

Hans Ivar f.1968, var g.m. Björg Grønli

Anne Skredemellem f.1937 var eigar av Felleseleykkja frå 1987 til ho i 2000 selde til Nina Gaukstad. Jorda vart seld som tilleggsjord til Rydland.

I 2005 selde Nina Gaukstad Felleseleykkja til Morten Liebe.

Morten Liebe selde til Karin Pedersen og Tore Juland i 2017.

I 1865 var det i Felleseleykkja 1 hest, 12 kyr, 19 sauer, 9 geit og 1 gris. Det vart sådd 1/5 tønne rug, 2 1/2 tønner bygg og 2 1/2 tønner poteter.

Kjelder:

Norske Gardsbruk 1953-1997

P.Ø.Kvarberg 2000: Slekt i Vågå g Lom, Slekten på Nordre Strand

Slechten på Sygard Storvik med Rusnesgrenen, Aasenggrenen

Opplandsarkivet Vågå: Familieark, avskrifter panteregister, grunnbok mm.

1881.no

Folketelling 1865, 1875, 1900